

Høyringsinnspel Budsjett og økonomiplan 2026-2029

Vi i FAU ved Heidal skule ønskjer å kome med nokre innspel kutt som er foreslått i økonomiplanen for 2026-2029.

Slik det er no, opplever vi skulen som ein svært bra plass å vere for ungane våre. Dei uttrykkjer sjølve trivsel på skulen, og ikkje minst at det er eit trygt og godt miljø der.

Som føresette opplever vi med dagens ressursar at det er moglegheit til å få hjelp med utfordringar elevane måtte ha, og det er ei trygghet for oss. For at dette skal kunne vare, meiner vi det er heilt nødvendig at det ikkje blir kutta i skulen sine ressursar, og vi ser svært bekymra for at slike kutt vil gå utover sårbare elevar som treng litt ekstra oppfølging i skulekvardagen, utan at det nødvendigvis finst eit vedtak. Vi ønskjer at alle elevane skal få like god skule, uansett kva utgangspunkt dei har, og at dei skal bli robuste og trygge menneskje. Da må skulane få nok ressursar til å kunne sjå og følge opp alle.

Det har allereie vore store kutt ved skulane i kommunen, der det mellom anna ikkje lenger er pengar til buss på skidag eller andre turar. Vi meiner at no kan det ikkje kuttast meir!

Det er ei positiv trend i Heidal no, med mange unge som kjem attende og etablerer seg og får born. Fødselstala er gode. Det er gode moglegheiter for at dette vil fortsetje, men da må det vere ei trygghet for alle at vi får behalde den gode skulen i bygda. Vi veit at fleire har flytta attende fordi dei sjølve har opplevd ein trygg og god skulekvardag ved Heidal skule, og derfor vil gje ungane sine det same. Skulen er hjartet i bygda – mistar vi den gode kvaliteten på skulen, er vi redde for at det fører til at færre flytter attende.

Vi meiner dette er ei prioriteringssak – ønskjer vi levande bygder med gode skular og god attendeflytting? Da må det satsast på å oppretthalde gode skular i kommunen! Sats på born og unge, og ikkje kutt slik at det går utover dei mest sårbare! Vi meiner at Sel kommune bør bruke dei frie midlane som kom på tampen av statsbudsjettet, på oppvekstsektoren for å forebygge fråfall i vidaregåande og for å hindre at unge hamnar i NAV-systemet før dei kjem ut i arbeid – rett og slett sørge for det barnets beste!

Helsing

FAU v/Heidal skule

v/leiar Silje Åboen Leirflaten